



# Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Naustdal-Gjengedal verneområdestyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Sørstranda, Gloppen
<b>Dato:</b>	31.05.2024
<b>Tidspunkt:</b>	10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet vert kombinert med synfaringar på Sørstranda i Gloppen.

Kl 10.00: Oppmøte Ryggjastøylen

Synfaring i Traudalen

- Buføringsvegen og stien vidare

- Stien mot Traudalsnibba

Ca Kl 12.00 Lunsj og styremøte i Busperrstova i Langedalen

Kl 13.00 Synfaring på Gimmestadstøylen

- Skjøtsel

- Sti mot Breidalen

Ha med kle og sko som er tilpassa veret og eigna til å gå 2-3 km.

Forvaltar ordnar lunsj.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 13/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/24	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 2/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2024		2019/4183
RS 3/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 3/2024		2019/4173
ST 15/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - vidare arbeid med sti/drifteveg i Traudalen		2024/7914
RS 4/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssak om revidering av forvaltningsplan på styremøte 3/2024		2022/10021
ST 16/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - godkjenning og signering av protokollar		2019/2581
ST 17/24	Eventuelt		

**ST 13/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**ST 14/24 Signering av protokoll fra førre møte**



Arkivsaksnr: 2019/4183-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 24.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/24	31.05.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2024

### Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande

### Saksopplysningar

- Delegerte vedtak
  - Håkon Hjelle Roset har fått løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport til byggearbeid på hytte. Løyvet gjeld for inntil 4 turar i perioden 18.mai til 10.september.
  - Felix Seljeset fekk løyve til å bruke drone i fjella over Helgheim på Jølster i samband med dokumentarfilm. Løyvet gjeldt for inntil 120 min flygetid i perioden 15.april til 15.mai, men det vart ikkje nytta.
  - Nesstranda sankelag har fått løyve til å lande med helikopter på Øykjeheia i Kandal i samband med transport av forsyningar til sankehytte. Løyvet gjeld for 2 landingar i perioden 10.-25.6.
- Oppstartsamling i Sogndal i april  
Vi hadde oppstartsamling for dei nye styra i starten av april i Sogndal, med oppmøte frå mellom anna heile Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Vi som arrangerte var godt nøgde med samlinga og vi har fått gode tilbakemeldingar på programmet og arrangementet. Og best av alt, ingen pandemiutbrot denne gongen!
- Økonomi  
Verneområdestyret er tildelt 90.000 til drift i 2024. Til no er det brukt om lag 34.000 av midlane, og det er knytt til oppstartsamlinga.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 23.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/24	31.05.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 3/2024

### Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidlat NG 2024\_23.5

#### Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søkte i desember 2023 om tiltaksmidler for 2024. På nyåret fekk styret ei tildeling på 600.000 til tiltaka som stod i søknaden. På styremøte 2-2024 (oppstartsamlinga i Sogndal) vart tiltaksmidlane fordelt. Det er sett av midlar til 12 av 13 tiltak.

#### Status på tiltak

##### Skjøtselsplanar

Til saman 270.000 av tiltaksmidlane er sett av til skjøtselsavtalar med totalt seks grunneigarlag eller sameige. Alle desse har støyl inne i eller i randområda eller innfallsportar til landskapsvernområdet. Alle desse grunneigarlaga/sameiga har stadfesta at dei vil drive skjøtselsarbeid for 30.-50.000. Fire av avtalane er signert i skrivande stund.



### Fjerning av gran

I tillegg til at styret i år har sett av midlar til fjerning av gran, so vart det mot slutten av fjoråret gjort avtale om fjerning av gran for fjorårets tiltaksmidlar, som har blitt eller skal bli utført i år.

Ryssdalen: Verksemda Skogkonsult hadde eit arbeidslag på plass i april. Dei gjorde ein god jobb i tunge forhold og fekk tatt ut det aller meste av den planta grana som står i Ryssdalen.

Vi har gjeve medling til Bygdeservice om at dei må planlegge uttak av resten av grana som står her i løpet av året.

Fitjeskaret: Vi skreiv avtale med grunneigar Kristian Mardal som skal ta ut gran på eit par lokasjonar i Fitjeskaret og området rundt. Dette skal vere ferdig til 1.aug

Ravnestadstøylen: Vi skreiv avtale med grunneigarar på Ravnestad og Rygg som skal ta ned ei rekke med leplanting eller grenseplanting i nærleiken av Ravnestadstøylen. Dette skal bli gjennomført no i mai.

### Infrastruktur

Forvaltninga har kjøpt inn 10 pallar med material til klopper som Bygdeservice skal produsere. I tillegg har vi 4 pallar ståande på lager. Det blir totalt 840 løpemeter med kloppematerial, noko som vil vere nok til 3-400 m ferdig kloppesti.

Vi skal og gjere ein jobb med vedlikehald av kloppar. Då må vi først ta ei runde å få oversikt over behovet, for so å legge ein plan for utføringa.

Drifteveg i Traudalen vert eiga sak på styremøtet.

### Informasjon

Vi ønskjer å få sett opp eit informasjonsskilt i sentralt i Førde. Det beste vil truleg vere å ha skiltet i tilknytning til turvegane i eller i nærleiken av Hafstadparken. Forvaltar har sendt førespurnad til Sunnfjord kommune med spørsmål om dei har ei høveleg plassering. Verneområdeforvaltninga vil ta alle kostnader med arbeidet, men vi er avhengige av ein god dialog og godkjenning hos kommunen.

Kort oppsummert ligg vi godt an med tiltaka vi har på blokka og bruken av midlane vi har til rådvelde.



Arkivsaksnr: 2024/7914-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 23.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/24	31.05.2024

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - vidare arbeid med sti/drifteveg i Traudalen

### Innstilling frå forvaltar

Ingen innstilling frå forvaltar i saka

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn

I 2011-2012 vart det spelt inn behov for oppgradering av stien innover mot Dalsbøen i Traudalen, frå grunneigarar og beitebrukarar. Utfordringa var at storfe som skulle på beite på Dalsbøen og elles i Traudalen hadde utfordringar med å ta seg fram langs ein steinete og dårleg sti. I 2013 stilte grunneigarar opp i møte i verneområdestyret og la fram saka. Tiltaket vart planlagt i 2013 og i 2014 vart arbeidet i felt starta opp, finansiert av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet kombinert med midlar og dugnadsinnsats frå grunneigarane.

I 2025 vart tiltaket gjort ferdig frå verneområdeforvaltninga si side. Då var utbetringa av stien komen so langt inn at framkome for storfe var sikra. Det var då brukt om lag 500.000 i tiltaksmidlar til tiltaket, og i tillegg hadde grunneigarane bidrege med midlar og arbeid som vi grovt sett estimerte til ein tilsvarande sum.

I åra etterpå vart det gjort nokre mindre utbetringar og forlenging av buføringsvegen, planlagt og finansiert av grunneigarane sjølve.

Resultatet av arbeidet vert veldig bra. Vi løyste utfordringa for beitedyra. Som ein bonus vart det og ein sær s populær tursti, som og kunne nyttast med sykkel, barnevogn og liknande. Auka bruk av stien resulterte då i eit ønskje om å oppgradere stien lenger innover. Då primært med tanke på friluftsbukarar, men og til dels beitedyr.



### **Situasjon og problemstilling i dag**

Det er framleis eit sterkt ønske hos mange lokalt om å utbetre stien vidare innover mot støylsområdet Dalsbøen. Både frå grunneigarane si side og frå ein del friluftsbukarar. Tilstanden på stien er ganske grei samanlikna med andre støylsstiar, men det er ein brå overgang frå veldig god sti til middelmåtig sti som mange legg merke til. Det har vel og vore nokre tilfelle av mindre skader.

Forvaltar og naturoppsyn har teke til orde for manuell punktutbetring av dei verste punkta. Dette er teknikkar som har vore brukt i alle år, og som vi har brukt med gode resultat andre stader. Det har ikkje vore særleg stor interesse for det.

Grunneigarane har no planer om vidare utbetring, og dei har og fått noko midlar frå utviklingsfondet til arbeidet. Planane inneber bruk av minigravar, men med ingen eller lite tilføring av masse. Slik sett er det mindre omfattande og rimelegare planar enn det som vart gjort med buføringsvegen.

Opparbeiding av tursti inne i verneområdet er søknadspliktig, og når det er snakk om bruk av minigravar eller liknande so vert det definert som opparbeiding og ikkje vedlikehald. Det er heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det. Vi må og truleg gje ein dispensasjon for motorferdsel.

Med maskinell utbetring utan tilføring av masse so er det ein viss fare for at arbeidet vil skape store sår i terrenget og bli meir synleg. Det er og uvisst kor bra resultatet blir. Med rett kompetanse hos maskinførar, tydelege føringar og felles forståing for kva omsyn ein må ta, so kan det likevel bli eit godt og pent resultat.

Det er eit prinsipielt spørsmål kor vidt det er rett å bruke maskinell utbetring av ein sti til friluftsbuk inn i verneområdet. Når vi gjorde det i 2014-2015 so var det fordi føremålet var å sikre framkome for beitedyr og stell av kulturlandskapet. I dag vil føremålet i større grad vere knytt opp mot friluftsliv. Maskinell utbetring av sti til friluftsbuk vil kunne skape ein presedens for framtidige saker. Dette er noko vi har signalisert at vi er negative til i andre tilfelle (som er meir eller mindre samanliknbare).

Det er mange tilfelle i andre verneområde kor ein har brukt maskin for å bygge stiar til friluftsbuk, mellom anna Skålastien og stiar inn mot brearmene til Jostedalsbreen. Då har det vel og merke vore eit heilt anna omfang på ferdsla enn det vi snakkar om i Traudalen.

### **Handsaming i møte:**

Verneområdestyret bør ta ein prinsipiell diskusjon kring vidare utbetring og utvikling av stien til Dalsbøen:

- Kor mykje oppgradering skal vi legge opp til?
- Kva er føremålet med stien?
- Kva teknikkar og maskiner skal brukast eller ikkje brukast?
- Kven skal ha regien i tiltaket?
- Skal skyret prioritere tiltaksmidlar til tiltaket, eller skal det finansierast av grunneigarar og andre kjelder?
- Krav og føringar til arbeidet



Arkivsaksnr: 2022/10021-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 23.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/24	31.05.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssak om revidering av forvaltningsplan på styremøte 3/2024

### Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande, og kjem med eventuelle føringar for det vidare arbeidet.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO (den som gjelder no)
- Tidsplan for revidering
- Innspel til revidering vinteren og våren 2024
- Kartlegging av våtmark - rapport

#### Bakgrunn

Revidering av forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal har gått føre seg ei stund no, men sidan vi har eit nytt styre so kan vi ta ein kort gjennomgang av prosessen.

Forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal LVO er frå 2015, og desse planane har i utgangspunktet ei «levetid» på 10 år. Planprosessar tek tid, og verneområdestyret vedtok derfor allereie i 2022 å starte prosessen med revidering av forvaltningsplan. Målet er å ha klar ny plan før den gamle blir eldre enn 10 år, altso seinast i 2025.

I tillegg til ein generelt behov for oppdatering av planen, so har det kome til fleire nye problemstillingar og utfordringar sidan 2015. Nye former for ferdsel, endra bruk og noko endra regelverk har ytterlegare styrka behovet for ein ny og oppdatert plan.



Miljødirektoratet har laga ein mal for forvaltningsplanar som heiter Forvaltningsplan på nett for verneområde (FPNV) som skal brukast. Den er 100 % nettbasert og det er derfor ikkje lenger snakk om trykking og utsending av planen.

### **Status per mai 2024**

Arbeidet har gått litt seint, og vi ligg litt bak skjema. Det er fleire årsaker til det. Men veldig mykje er og gjort, og vi kan no sjå framover mot siste fase i arbeidet.

- Vi har fått henta inn ny kunnskap i form av naturtypekartlegging av våtmark.
- I vinter gjennomførte vi opne informasjons- og innspelsmøter i begge kommunane.
- Eg har og hatt eit ekstra møte for grunneigarar på Sørstranda, på førespurnad frå dei.
- Eg har henta inn oppdaterte besøkstal der det er tilgjengeleg.

Det har vore tekniske utfordringar med FPNV-løysinga til Miljødirektoratet. Det har ført til at eg ikkje har fått jobba i den løysinga i vinter slik som eg hadde tenkt. Eg har masa på Miljødirektoratet om å få retta feilen slik at eg kan få full tilgang igjen.

I løpet av vinteren og våren har vi fått inn nokre innspel til planen. Særleg er det grunneigarar på Sørstranda i Gloppen som har vore aktive her. Det er mange gode og relevante innspel som må vere med vidare og takast med i den reviderte planen. So er det ein del innspel og ønskje som ligg utanfor mynde til verneområdestyret og som ikkje er relevant å ha med i ein forvaltningsplan. Det som står i verneforskrift og i kongeleg resolusjon kan ikkje forandrast i denne revisjonen. Vi kan heller ikkje gå inn på dei forvaltningsoppgåvene og mynde som ligg til andre instansar i den offentlege forvaltninga (som t.d. kommunane). Sjå vedlagt notat med kommentarar.

I vår fekk vi og rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS om våtmarkene Tangane og Måsevassøyna. Rapporten er grundig og fagleg solid, og gjev oss eit godt kunnskapsgrunnlag for desse to områda. Det er ikkje gjort «revolusjonerande» funn av sjeldne artar eller naturtypar, men rapporten slår fast kor viktig det er å ta vare på denne typen samanhengande myr-/våtmarksområde utan inngrep.



### **Arbeid vidare framover**

Eg meiner vi no har hatt den medverknaden og involveringa som prosessen krev. Vi har fått henta inn den oppdaterte kunnskapen som er relevant og realistisk å få med. Eg meiner at vi no kan gå inn i fasen der forvaltar skriv eit utkast til ny forvaltningsplan som styret kan handsame og etter kvart legge ut på høyring.

#### Arbeidsoppgåver:

- Legge planen inn og tilpasse til den nye malen (FPNV).
- Oppdatere kunnskapsgrunnlaget til dagens bruk og situasjon, og ta med dei endringane som har skjedd som følgje av gjennomførte tiltak.
- Skrive inn nye moment som må vere med (til dømes drone og sykkel).
- Skrive inn det som er relevant frå innspela frå grunneigarar og andre.
- Skrive ferdig utkast som kan leggest fram for styret

Forhåpentlegvis kan eg ha eit utkast klart til møtet i september.



Arkivsaksnr: 2019/2581-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 23.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/24	31.05.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - godkjenning og signering av protokollar

### Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tek i bruk elektronisk signering. I tråd med vedtektene skal protokoll frå kvar møte godkjennast og signerast av styreleiar og eitt styremedlem som vert valt på kvart møte.

Styret vel eitt styremedlem som skal godkjenne og signere protokoll frå dette møtet, saman med styreleiar.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn

Protokollen frå styremøta skal godkjennast og signerast. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har heile tida sidan opprettinga i 2011 hatt som praksis at protokoll først vert godkjent av styret på e-post og deretter signert av heile styret på neste styremøte.

I vedtektene til styret står derimot dette:

«Det føres protokoll fra møtene. Protokollen underskrives av styreleder og ett medlem som velges ved møtets begynnelse. Eventuelle protokolltilførsler må fremsettes i møtet.»



### **Vurdering**

Praksisen i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre skil seg noko frå det som står i vedtektene, og er noko meir tungvindt enn det som er naudsynt. Vi har og i dag fleire gode løysingar for elektronisk signering av dokument. Sakshandsamarsystemet vårt har funksjon for dette og i tillegg har Posten signeringsløysing som alle kan bruke (mot eit lite gebyr).

Det er meir moderne, effektivt og betre tilrettelagt for arkivering om vi nyttar elektronisk signering. Vi sparar og utskrift av dokument og treng ikkje hugse på å skrive ut og ta med protokoll frå førre møte.

**ST 17/24 Eventuelt**